Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
25/07288-39
Sakshandsamar
Marita Bruun

Saksgang	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	04.11.2026
Hovedutvalg for næring, industri og klima	10.11.2026
Hovedutvalg for utdanning, folkehelse og tannhelse	11.11.2026
Fylkesutvalg	18.11.2026
Fylkestinget	02.12.2026

Handlingsprogram 2027 - Strategi for kompetanseutvikling i Telemark 2026-2036

Innstilling frå fylkesdirektøren
Handlingsprogram 2027 knytt til Strategi for kompetanseutvikling i Telemark 2026-2036 blir vedteke.

Bakgrunn og saksgang
Strategi for kompetanseutvikling i Telemark 2026-2036 vart vedteke i fylkestinget i juni 2026. Saman med strategien følgjer eit årleg handlingsprogram som skal vedtakast i fylkestinget i siste møterekke kvart år. Handlingsprogrammet skal vise særskilde tiltak og prosjekt som skal setjast i verk eller som går føre seg. Tiltaka er derfor avgrensa i tid. Oppgåver som inngår i dagleg drift er ikkje ein del av handlingsprogrammet.

Saka blir lagd fram for uttale i Yrkesopplæringsnemnda, hovudutval for Næring, industri og klima og hovudutval for Utdanning, folkehelse og tannhelse. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar
Handlingsprogrammet er utarbeidd av sektor for utdanning i samarbeid med sektor for næring. Det er også gjennomført innspelsmøte med eksterne aktørar og det er gjeve innspel av kompetansenettverka som er teke med i handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet byggjer på tiltaksområda henta frå kompetansestrategien og listar opp konkrete tiltak som skal gjennomførast i løpet av 2027. Det er også lagt ved ein enkel statusrapport for gjennomføring av tilsvarande handlingsprogram for 2026.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Handlingsprogrammet for 2027 får ingen direkte økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for Telemark fylkeskommune ut over dagens situasjon. Prosjekta som er lista opp i handlingsprogrammet er alléreie finansierte med eksterne midlar og påverkar derfor ikkje budsjettet til fylkeskommunen.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Strategi for kompetanseutvikling i Telemark 2026-2036 med tilhøyrande handlingsprogram er med og varetek dei overordna satsingane i Telemarksplanen. Strategien og handlingsprogrammet skal også bidra til at fylket er med på å nå klimamåla sine og dessutan FNs berekraftsmål. Det vil særleg vera følgjande berekraftsmål som blir berørt:

3. God helse og livskvalitet
4. God utdanning
8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst
10. Mindre ulikskap

I tillegg vil strategien med handlingsprogrammet indirekte treffa fleire av dei andre berekraftsmåla ved at god kompetanse kan bidra til å nå mange av dei 17 måla.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at handlingsprogrammet for 2027 på ein god måte operasjonaliserer Strategi for kompetanseutvikling i Telemark 2026-2036 i forhold til kva som skal prioriterast og løftast fram i 2027. Tiltak lista opp i handlingsprogrammet er godt forankra både internt og eksternt. Tiltaka beskrive i handlingsprogrammet er først og fremst konkrete tiltak og satsingar der fylkeskommunen har ei viktig rolle, og som ofte blir gjennomført i samarbeid med andre aktørar.

Vedlegg:
Status oktober 2026 Handlingsprogram 2026
Handlingsprogram 2027